



Smitteutviklinga i Alver

Rapport for perioden 22.-28. desember

Smittetal

Frå og med onsdag 22. til tysdag 28. desember har 95 personar fått påvist koronavirus (med PCR-test) i Alver kommune. Fire av desse er omikron-variant.

Aldersfordeling

Aldersfordelinga for tilfella i perioden 22.-28 desember er slik (runda opp til nærmaste heile tal):

- Under 12 år: 30 %
- 12–15 år: 13 %
- 16-17 år: 3 %
- 18-44 år: 36 %
- 45-64 år: 16 %
- Over 65 år: 2%

Smitteveg

Hovudarenaen for smitte er framleis eigen husstand.

Den andre hovudkategorien er «ukjent smitteveg». Dette betyr at personar som ikkje veit at dei er smittsame, smittar andre dei er i kontakt med.

Utviklingstrekk

Vi ser same tendensen som i resten av landet, der tala for påvist koronavirus har gått betydeleg ned. Det er usikkert kva dette betyr.

Den siste veka har vi fått bekrefte fire tilfelle av omikron i Alver. Omikron-varianten smittar lettare enn deltavarianten. Vi kan difor forvente auke i tal smitta framover. Det er no særskilt viktig med god etterleving av nasjonale reglar og råd, mellom anna isolasjon, karantene, bruk av munnbind, halde avstand og ha færre nærkontaktar. Koronavaksine bekyttar godt mot alvorleg sjukdom og det er framleis mogleg å ta både dose 1, 2 og 3 i Alver.

Hurtigtest før skule og barnehage etter juleferien

Helsedirektoratet har tilrådd at tilsette i barnehage og elevar og tilsette i barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skule testar seg med hurtigtest etter ferien. Testen skal tidlegast utførast 24 timar før dei går på jobb eller skule fyrste dag etter juleferien. Føremålet er å fange opp smitte før oppstart i barnehagar og skular.



ALVER
KOMMUNE

Alver kommune deler ut testar til dette føremålet.

[Meir om dette finn du på våre heimesider](#)

Det er viktig å hugse på at ein negativ test berre gjeld der og då. Den som får symptom eller er nærkontakt må teste seg på nytt.